



Husnes Båtlag

VEDTEKTER

FOR

Husnes Båtlag

Husnes Båtlag er forsikra i Norske Sjø og
Medlem av Kongelig Norsk Båtforbund frå 29.03.2000.

**Første gang vedtatt på konstituerande årsmøte den 04.12.1974. Og gitt
namnet Husnes Båtlag, forkorta HBL.**

**Revidert 1987, 1990, 2002, 2004, 2006, 2008, 2010, 2011, 2012, 2013, 2015, 2017, 2018
og 2019**

Vedtatt på årsmøtet den 21.02.2019

§ 1. LAGETS FORMÅL er i hovudsak følgjande:

- A. Samle båteigarar og tilby dei ei sikker og lett tilgjengeleg båthamn med moglegheit for slippsetjing og i avgrensa omfang tilgang til kortare og, unntaksvis, lengre opphald på land.
- B. Skapa eit aktivt, godt og tenleg båtmiljø for båteigarar, med plass til sosiale aktivitetar.
- C. Skapa grunnlag for utvikling av fritidsbåtlivet som rekreasjon og kystkultur.
- D. Skapa grunnlag for utvikling av kunnskap om sjøvit, tryggleik og marint miljøvern.
- E. Ivareta medlemene og ålmenta sine interesser og rettar til bruk av skjergarden, sjøen og havet som rekreasjonsområde, og til anna privat fritidsbasert bruk.
- F. Samarbeid med så vel andre private organisasjonar som med offentlege styresmakter til fremjing av interessene til båtfolket.
- G. Laget er ei demokratisk, ikkje økonomisk foreining.

§ 2. LAGETS ORGANISASJON OG LEIING

HBL er organisert og leia som følgjer:

- A. Laget vert leia av eit styre som blir vald av årsmøte og er samansett slik:

Funksjon:	På val når:
• * Leiar	Ulike år
• * Nestleiar/hamnesjef	Like år
• * Kasserer	Like år
• * Sekretær	Ulike år
• * Styremedlem (ass hamnesjef)	Like år
• * Første vararepresentant til styret	Ulike år
• * Andre vararepresentant til styret	Like år

- B. Styremedlem vert vald inn for 2 år om gongen. Valteknisk skal den eine halvdelen av styret veljast kvart like år og andre halvdelen kvart ulike år.
- C. Styret har ansvar for den daglege drifta av HBL og skal sørgje for at denne er økonomisk forsvarleg og at alle økonomiske forhold blir gjort opp til rett tid.
Leiar, ilag med eitt (1) anna styremedlem, har signatur for Husnes Båtlag.
- D. Styret utnemner dei komitear og utval som er nødvendige for å løysa bestemte oppgåver, med mindre desse blir valde av årsmøtet.

- E. Instruksane A1 til A8 gjer greie for styrets ansvarsdeling av den daglege leiinga av laget og båthamna. Styret har med utgangspunkt i same punkter også ansvar for drift og praktisk utføring av utbyggings- og vedlikehaldsarbeid i HBL hamneområde.
- F. Det skal veljast inntil 3 representantar kvar for Husnemnda, Aktivitetsnemnda og Gartnartenesta. Desse skal veljast for to år om gongen, og slik at det ved kvart val alltid er minst ein representant som står vidare frå førre val.
Desse svarar til styret, som utformar og forvaltar instruksar for kvart ansvarsområde.

§ 3. ØKONOMISKE FORHOLD

- A. A. HBL sine økonomiske forhold blir fastsett av årsmøtet for eit år om gangen. Rekneskaps år og kalenderår er samanfallande. Dei viktigaste økonomiske føresetnadane er nedfelt i følgjande: Eingongsbeløp for bruksrett utrekna av verdien på båtplassen, årskontingent, innløyising av båtplass, fortøyingsavgift, opplagsavgift, dugnadsavgift og andre dokumenterte avgifter.
- B. Blir purring påkravd 14 dagar etter forfall, kan purregebyr i samsvar med det lova fastset verta lagt til. Dersom særskilde forhold som hindrar medlemmen å betala i tide har kome til etter at ordinært innbetalingsvarsel er motteke, skal forholdet takast opp skriftleg med styret. Eit medlem kan ekskluderast med heimel i § 6. Uteståande krav med tillegg av kostnader skal i slike tilfelle trekkjast ifrå eventuell innløyisingpris.

§ 4. MEDLEMSKAP

- A. Medlemskapet er personleg, og er ope for alle myndige personar som ikkje er ekskludert eller har ubetalte krav i HBL. Personar som ønskjer medlemskap og/eller båtplass må søkje styret skriftleg om dette. Organisasjonar, foreiningar eller firma kan ikkje oppnå medlemskap i HBL. Oppseiing av medlemskap og/eller båtplass samt adresseendring skal skje skriftleg. Det kan berre tildelast to båtplassar pr. medlemskap. Tildeling av båtplass og naust skjer etter ansiennitet. Tildelt båtplass eller naust kan ikkje overdragast til andre, utan gjennom styret.
- B. Medlem som betalar inn eingongsbeløp for bruksrett til båtplass, oppnår medlemskap med alle rettar og plikter, slik det er fastsett i desse vedtektene. Medlemmene pliktar å rette seg etter hamnesjefens tilvising ved tildeling av båtplass.
- C. Kasserer skal halde kartotek over medlemmene. I tilknytning til søknad om medlemskap skal følgjande opplysningar leggjast fram:
- Namn og privat adresse
 - Mobiltelefon nr privat
 - Båtens namn (dersom det finst)
 - Båtens lengde og bredde
 - Båtens vekt
 - Båtens djupgang
 - Forsikringsordning og i kva selskap. Stadfesting av ansvarsforsikring skal leggjast ved.

Straks ein eller fleire av opplysningane ovafor vert endra, skal medlemmen utan oppfordring snarast melde frå til hamnesjef.

- D. Eit medlem utan båtplass er «støttemedlem», og denne har ikkje stemmerett i laget. Eit støttemedlem kan møta på årsmøtet dersom det er plass i møtesalen, men har berre observatørstatus utan talerett. Støttemedlem kan delta i alle sosiale samanhengar i laget. Støttemedlem betaler berre medlemskontingent, men pliktar elles å retta seg etter alle relevante forhold i Vedtektene. Støttemedlem kan ta på seg oppgåver i komitear og utval som nemnt under §2, pkt. D.
- E. Berre medlem med båtplass har rett til å nytte HBL sine anlegg på land, samt eigen båtplass med tilhøyrande utstyr på bryggene. Nærare reglar for dette er fastlagt i Vedlegg A6 Hamneinstruks for HBL.
- F. Medlem som vil delta i vedlikehaldsarbeid må sjølv ta kontakt med styret, helst så tidleg som mogeleg etter ordinert årsmøte. Timelistene skal leverast inn i slutten av kvar månad og vere attestert av styret ved ass/hamnesjef. Opparbeida honorar for utført vedlikehaldsarbeid skal utbetalast året etter, og innan 1 månad etter ordinert årsmøte.

§ 5. MEDLEMMENES ANSVAR OG PLIKTER

Medlemmene sine viktigaste plikter er:

- A. Medlemmene har plikt til å rette seg etter vedtektene, samt vedtak og tiltak som vert iverksette av styret. Medlemmene er pliktige til å ta på seg tillitsverv.
- B. Medlemmane pliktar å ettersjå båt og fortøying jamleg, og særleg ved mykje nedbør og vind. Medlem som oppdagar uønskete tilhøve eller skadar av nokon art på lagetts område, eigedom eller materiell, pliktar å melde frå om dette til hamnesjef eller andre frå styret. Om mogeleg skal tilløp til skade forhindrast.
- C. Ser eit medlem at båtar kan bli skada på grunn av dårlege fortøyingar eller liknande skal forholdet snarast meldast til hamnesjef/ass. hamnesjef. Dersom manglande tilsyn, utilstrekkeleg fortøying, uansvarleg bruk av elektrisk straum og liknande fører til at det vert gjort skade på andre sine båtar eller på laget sin eigedom og utstyr, er eigaren av båten økonomisk ansvarleg for skaden. Ved skade på laget sin eigedom og utstyr, kan eingongsbeløpet for båtplassen verta nedskriven med ein sum lik skadeomfanget.
- D. HBL heftar ikkje for skade som av vert påført medlemmene sine båtar av andre, for tjuveri frå desse, eller for medlemmer sin annan eigedom som finst på laget sitt uteområde eller i klubbhus og slippus.
- E. Det er berre medlem med båtplass som kan bygge eller eige naust i Husnes Båtlag. Bygging kan skje etter behov, og når det finst tilgjengeleg areal. Tildeling av tomter skal skje etter ansiennitet. Kvart medlem kan berre ha eit naust. Medlem som har hatt naust og seld eller overdrege dette til andre, stiller bak i køen når det gjeld ansiennitet.

Styret skal godkjenne planar, og eventuelt setje inn eit interimsstyre som kan stå for arbeid med planlegging og kontroll, bygging og standard på materiale og kvalitet på utføring. Båtlaget, ved styret, er den formelle byggherre i forhold til Hydro Husnes og kommunen.

For at tilgjengeleg areal til naustbygging skal gi flest mogleg høve til å få tildelt ei tomt, skal brutto grunnareal pr. medlem pr. naust vere 3.0 x 6.0 m.

Nausteigar skal sjølv ta alle kostnader med grunnarbeidet, bygging, vedlikehald og naudsynt forsyning av veg, straum og vatn til naust og fellesareal. Ved mangelfullt vedlikehald og opparbeiding, skal styret få arbeidet utført på nausteigar si rekning.

Utforming og fargar skal vere likt for kvart nausttun.

Tilknytning og forsyning av straum og vatn frå båtlaget sitt nett, skal godkjennast av styret. Det skal betalast avgift for tilknytning og forsyning av straum eller vatn frå båtlaget sitt nett.

Vassforsyning til naust, kan berre skje ved felles vasspost.

§ 6. TAP AV MEDLEMSKAP

Medlem som bryt desse vedtekter, eller ikkje føl styrets lovlege påbod, eller som har opptreidd på ein slik måte at det vekker forarging, eller har som har restanse ut over det som er formulert i § 3 B, siste ledd, eller på andre måtar er til sjenanse eller til skade for andre medlemmer og HBL sitt renommé, vil bli gitt skriftleg åtvaring frå styret. Ved gjentaking har styret mynde til å sei opp medlemmet med øyeblikkelig virkning. Ved vedtak om tap av medlemskap skal minst 4/5 av styret stemme for dette.

§ 7. INNØYSING OG OVERFØRING

Ved innløysing av båt plass, eller ved sal av båt eller naust skal følgjande gjelda:

- A. Innløysing av båt plass, eller sal av naust skal alltid skje gjennom styret ved hannesjef/kasserar.
- B. Medlem som ønskjer å leige ut sin båt plass, plikter å underrette styret før utleige.
- C. Ved sal av båt eller naust kan ikkje medlemskap eller båt plass overdragast til den nye eigar.
- D. Båt som er seld skal fjernast frå HBL sitt område så framt ny eigar ikkje er medlem i HBL med eigen båt plass. Før innløysing skal båt plassen vere fri for heftingar.
- E. Inntreff dødsfall kan medlemskapen overførast utan gebyr til den av de etterlatne som beheld båten så framt vedkomande fyller føresetnadane som er gjevne i desse vedtektene. Dersom ikkje, vert båt plassen overteken av HBL til innløysingspris og vidare tildeling. Avvikling skal skje i samarbeid med, og under omsyn til de etterlatne og deira situasjon. Tidsramma for gebyrfritak er sett til 6 månader.
- F. Kasserer innløyser båt plass eller straumuttak når laget har funne medlem som overtek båt plassen eller straumuttaket, og denne har innbetalt eingongsbeløpet.

§ 8. FORSIKRING

Båtar som medlem har i hamna skal som minimum være ansvarsforsikra. Joller som høyrer til hovudbåten er unnateke. HBL har forsikra sine eigedommar på sjø og land for den type skadar som til vanleg kan oppstå, f eks brann, havari m.m.

§ 9. ÅRSMØTET

Årsmøtet er HBL si høgaste mynde og skal gjennomførast ein gong årleg etter følgjande reglar:

- A. Ordinert årsmøte skal normalt haldast i løpet av februar månad.
- B. Medlemmene skal innkallast til årsmøte med minst 8 dagars varsel. Årsmeldinga skal vera tilgjengeleg for medlemmene minst 7 dagar før ordinert årsmøte. Dagsorden skal stå på innkallinga.
- C. Forslag til saker, samt forslag til endring av vedtektene, som eit medlem ønskjer på dagsorden, må vera mottekne av styret før utgangen av desember månad.
- D. Årsmøtet, som er samankalla etter pkt. B er vedtaksdyktig uansett frammøte. Det er berre medlemmer med innbetalt eingongsbeløp for bruksrett til båtplass, og som har betalt hamneavgiftene for føregåande år, som har stemmerett. Ingen kan ha meir enn 2 (to) stemmer ved votering i form av 1 (ein) skriftleg fullmakt frå andre medlemmer som er fråverande. Fullmakta skal vere skriva med blokkbokstavar, lett leseleg med medlemmens fulle namn og underskrift som skal leggjast fram for godkjenning ved byrjinga av møtet. Alle vala skal gå føre seg enkeltvis og det blir kravd simpelt fleirtal av stemmene frå dei frammøtte med stemmerett. Oppnår ein ikkje dette skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som oppnådde flest stemmer ved første votering.
- E. Endringar av HBL sine vedtekter krev 2/3 fleirtal og skal behandlast som særskilt punkt på dagsorden. Endringsforslag skal være skriftleg formulert.
- F. **Følgjande punkter skal førast opp på dagsorden:**
 - 1. Godkjenning av frammøtte medlemmer og fullmakter.
 - 2. Godkjenning av dagsorden.
 - 3. Val av ordstyrar og referent.
 - 4. Behandling av årsberetning, årsrekneskap og revisjonsberetning.
 - 5. Årsplan, budsjettforslag og avgiftssatsar for komande år.
 - 6. Forslag til vedtektsendringar, om slike ligg føre.
 - 7. Behandling av innkomne forslag og saker frå medlemmene og styret.
 - 8. Val av styremedlemmer og deira vararepresentantar, husnemnd, festnemnd, gartnerar, valnemnd og revisor med vararepresentant.
 - 9. Eventuelle orienteringssaker som ikkje skal takast opp til votering.
 - 10. Avslutning
- G. Årsmøtet kan ikkje fatte vedtak som strid mot HBL sine vedtekter. Blir det kravd vedtektsendringar skal desse gjennomførast etter krava i pkt. C og E.

§ 10. OPPLØYSING AV HBL

Oppløysing av HBL skal framleggjast for, og behandlast av ordinært årsmøte. Eit eventuelt vedtak om oppløysing blir først gyldig etter innkalling til og behandling av ekstraordinært årsmøte. Vedtak krev 2/3 fleirtal av stemmene.

Ved oppløysing skal det veljast eit avviklingsstyre etter reglane i § 9. Avviklingsstyret skal ha ansvar for å ivareta laget sine interesser fram til endeleg avvikling finn stad. Dette gjeld også for den praktiske likvidasjonen av laget. Vedtektene sine andre reglar skal nyttast på tilsvarende måte under avviklinga.

Laget sine eigneluter og rettar skal førast over til, eller fordelast mellom, eitt eller fleire lokale lag med same eller liknande formål, til bruk for å oppnå slike formål etter årsmøtet sitt klart definerte vedtak. Dersom det ved oppløysinga ikkje finst nokon aktuell eller villig slik mottakar, skal laget sine eignelutar tilførast same, eller liknande, formål etter nærare avgjerd av KNBF. Laget sine eignelutar, eller rettar, kan ikkje i noko tilfelle tileignast eller delast ut til laget sine medlemmer eller andre enkeltpersonar.

§ 11. VEDTEKTENE - ANVENDELSE OG GYLDIGHET

Medlem og/eller ein person som oppheld seg på HBL sitt område på vegne av eit medlem, skal uavkorta rette seg etter desse vedtektene. Brot på vedtektene skal handsamast i samsvar med § 6.

----- §§§§-----

Ovanstående vedtekter er godkjende på Årsmøtet i 2019, og tidlegare utgåve er frå same dato ugyldig.

Instruksar:

Instruksane er vedtekne av Årsmøtet. Desse gjer greie for mynde, oppgåver og ansvar som er tillagde styre, komitear og medlemmer.

- A1 Hamneinstruks for HBL
- A2 Instruks for Leiar i HBL
- A3 Instruks for Nestleiar/Hamnesjef i HBL
- A4 Instruks for Kasserar i HBL
- A5 Instruks for Sekretær i HBL
- A6 Instruks for Styremedlem (ass hamnesjef) i HBL
- A7 Instruks for Revisor i HBL
- A8 Instruks for Valkomiteen i HBL